



EKSAMENSOPPGÅVE

JUS4121 – rettsøkonomi vår 2023

Dato: 28. april 2023

Tid: 09:00, 4 timar

Kvart delspørsmål har eige svarfelt i Inspera med tilhøyrande oppgåvekode for dei digitale handteikningane. Det er viktig at du fyller ut rett oppgåvekode på skissearket.

Eksamen omfattar 2 oppgåver som kvar tel 50 %.

Oppgåve 1

Hyttebygging i fjellet medfører som regel tap av urørt natur. På den andre sida gjev det inntekter til lokale firma og skapar arbeidsplassar i utkantkommunar.

- a. Ta utgangspunkt i ein økonomisk modell for fullkomen konkurranse og illustrer grafisk likevekta i fjellhyttemarknaden ved hjelp av etterspurnad- og tilbodsfunksjonen for nye hytter i fjellet. Drøft kort i kva grad den enkelte hytteutbyggjaren eller hyttekjøparen har insentiv til å ta omsyn til tap av urørt natur som følgje av aktiviteten sin.
- b. Grøn skattekommisjon (2015) føreslo innføring av ei naturavgift for å fremje at urørt natur skal takast vare på. Drøft kort korleis naturavgifta bør utformast. Drøft òg korleis ein bør fastsetja storleiken på naturavgifta.
- c. Illustrer grafisk korleis ei naturavgift vil påverke tilpassinga til aktøren i fjellhyttemarknaden. Vis vidare effekten av ei dobling av naturavgifta i diagrammet.
- d. KS - Kommunesektorens organisasjon hevdar med bakgrunn i dei såkalla Coase-teorema at ei naturavgift ikkje er naudsynt, og at utkantkommunane gjennom plan- og bygningslova sjølv kan syte for eit rett nivå for å ta vare på urørt natur. Kva seier Coase-teorema? Kva for motargument kan rettast mot synet til KS?
- e. I staden for å innføre ei naturavgift vurderer Stortinget å påleggje kommunane at det før alle nye reguleringar for hytteutbygging skal gjennomførast ein såkalla nytte-kostnadsanalyse av tiltaket. Forklar kort med ord kva ein nytte-kostnadsanalyse er.
- f. I nytte-kostnadsanalysane skal det nyttast prisar for nedbygging av urørt natur, fastsette av Finansdepartementet. Gå ut frå at kommunane ikkje tillet nokon utbyggingar med negativ nytte-kostnadsdifferanse. Vil reguleringa med lovpålagt nytte-kostnadsanalyse gje same utfall som ei faktisk innført naturavgift? Grunnge svaret.



g. Gå ut frå at naturavgifta er ei inntekt til staten. Kva for eit system vil hyttekommunane føretrekkje? Grunnge svaret.

Oppgåve 2

EU planlegg å ta inn transportsektoren i den europeiske kvotemarknaden for klimagassutslepp. Det vil medføre at den enkelte forhandlaren av fossile drivstoff vil måtte kjøpe utsleppskvotar tilsvarande det forventede utsleppet frå salet av bensin, diesel, parafin m.m.

- a. Forklar med ord kva som er meint med *marginale reinsekostnadar* og *marginale skadekostnadar*.
- b. Vis den samfunnsøkonomisk effektive kvotemengda i ein modell der du har utslepp på X-aksen og kvotepris på Y-aksen.
- c. Illustrer i ein modell for ein marknad for drivstoff kva konsekvensen blir av at forhandlarane blir pålagde å kjøpe kvotar tilsvarande utsleppet frå det selde drivstoffet.
- d. Forhandlarane hevdar at dei vil gå konkurs som følgje av kvoteplikta, og dei krev å få utdelt gratiskvotar. Drøft i kva grad konkurspåstanden er truverdig
- e. Drøft vidare om utdeling av gratiskvotar vil øydeleggje incentivet til å redusere utsleppa frå bruk av fossilt drivstoff.
- f. Kvar eining fossilt drivstoff gjev ein kvotekjøpskostnad på 0,2. I ein situasjon utan gratiskvotar vurderer ein forhandlar som faktisk har selt 500 einingar fossilt drivstoff, å jukse og berre rapportere 400 einingar. Kor mykje vil han spare?
- g. Ved bokettersyn kan jukset bli oppdaga, men forhandlaren vurderer sannsynet for bokettersyn som så lågt at jukset kan løne seg. Bota er sett til fem gonger innsparinga på jukset. Kor lågt trur forhandlaren at sannsynet for å bli oppdaga er?
- h. Kva kan styresmaktene gjera for å hindre juks?

Oslo, vår 2023

Christoffer Conrad Eriksen
Fagleg eksamensleiar